

Vårsprett

GEIRR LYSTRUP OG SOFIEMYR KIRKEKOR BYR PÅ EN SWINGENDE KONSERT



Sofiemyr kirkekor
dirigent *Bernt Nordset*

Swingende rytmer,
barbershops og tango

Dikt av Tarjei Vesaas,
tonesatt av *Geirr Lystrup*

Eivind N. Lønning [trompet]
og *Martin Taxt* [tuba]



- ➔ Lørdag 26. april kl. 16 og 18 i Sofiemyr Kirke på Kolbotn
- ➔ Søndag 27. april kl. 18 i Åmot kirke på Modum
- ➔ Billetter ved inngangen
kr. 120 for voksne, kr. 60 for barn/unge under 18 år

Bli med å feire våren og livsgleden!

Du smilte til døden den angst eg hyste,
smilte, til inn over heile mitt sinn
nykveikte gledelys loga og lyste,
smilte til min smil skein opp imot din.

FRÅ STOGETRAMMEN

Arr: Knut Anders Vestad

Skuggane sig innover sletta
som kjølelege rolege venner
etter ein steikande dag.

Vår hug er eit tagalt
skuggerike.
Og skuggane sig innover
med sine vennlege gåter
og si dimme bløming.

Dei første skuggespissane
når fram til
føtene våre.

Vi ser roleg opp:
Er du alt der,
min mørke blom.

BAKKANE HEIME

Arr: Trygve Bráske

Helsar på blomane,
helsar på steinane,
helsar på bakkane.
Helsar på gamle folk
med eit stridt liv
prenta i andletet.

Dei seier:
Godt du kom heim.
Vi har tenkt på deg.

Ein står forvirra og
høyrer dette.
Andletet framfor
er som ein vennleg hoggestabbe.

Endeleg kjenner ein
ein er heime for godt.

ANDRE SPRETT

Viser med Geirr Lystrup

BESTEFAR

Tekst/mel: Geirr Lystrup

Arr: Eisteinn Matheussen/Bernt Nordset

HONNINGHUMLA

Tekst/mel: Geirr Lystrup

Arr: A.I.D.

JENTELOKK

Tekst/mel: Geirr Lystrup

Arr: Bernt Nordset

TO TANTER DANSAR TANGO

Tekst/mel: Geirr Lystrup

Arr: Odd Johan Overøye

WENCHE MED "C"

Tekst/mel: Geirr Lystrup

Arr: Henning Sommer

TO TRØYTE FUGLAR

Tekst/mel: Charmichael/Lasser

Til norsk: Geirr Lystrup

VINJESWINGEN

Tekst: Geirr Lystrup

Mel: Fred A. Ahlert

Arr: Per Oddvar Hildre

GEIRR LYSTRUP

Sofiemyr kirkekor

Eivind N. Lønning (trompet)
Martin Taxt (tuba)

Bernt Nordset, dirigent

Lørdag 26. april 2003 kl. 16 og 18
Sofiemyr kirke

Søndag 27. april 2003 kl. 18
Åmot kirke, Modum

Sofiemyr kirkekor fyller 15 år i år. Siden starten har koret vært ledet av kantor Bernt Nordset. Koret er et typisk amatørkor med om lag 35 sangere med ikke alt for skeiv fordeling mellom dame- og herrestemmer. Foruten jevnlig forsangertjenester under gudstjenester i Sofiemyr kirke ved Kolbotn rett sør for Oslo, har koret større konserter vår og høst samt julekonsert. Den største konserten koret har gitt var oppsetningen i 2000 av hele Händels Messias, inkl. orkester og profesjonelle solister. Dessuten har flere Bach-kantater og musikk av Mozart, Gabriel Fauré og andre klassikere samt flere nåtids kirkemusikere vært oppført. På de årlige "vårsprett"-konsertene, som er blitt en mangeårig tradisjon, velger koret lett og livsbejaende musikk – til glede og fryd over våren! I år, som i fjor, er vårsprettene sammen med den kjente visesangeren Geirr Lystrup.

FØRSTE SPRETT

Dikt av Tarjei Vesaas, tonesatt av Geirr Lystrup

DET VAR EINGONG –

Arr: Knut Anders Vestad

Det var ei lita bjørk
som hadde fått lov på nytt lauv
midt i mai.
Ho var mest ikkje nedpå jorda
for den skuld
og fordi ho var så grann.

Det kom som lova òg,
ein mai vind.
Han gjorde henne ør
og søt i borken
og sår i alle knuppar.
Ein fugl kom sette seg
på naken kvist
og sa det var no –

Ho visste ingen ting
denne dagen.
Men då det vart kvelden
sto ho med tunne grønfaragar
over nakent og grant.
Rar og omskapt.

Ør og levande.
Ho løyste seg sakte.
Vart heilt fri for røter, trudde ho.
Siglde som eit ljøsgrønt slør over åsen.
Borte frå denne staden for alltid,
trudde bjørka.

KLUKKESØNDAG

Arr: Arne Dagsvik

Klukk, sa den gamle ferja
ved brygga i solgangsvind.
Klukk sa den vesle båra
vennleg mot ferja inn.
Klukk, klukk sa to gjenter på tofta
sæle av kjærleik og sorg.
Klukk klukk, sa dertil to høner
som kom frå byen i korg.

Klukk, sa det i ein koffert
som stille vart lempa ombord.
Så var det tida for avgang
og farkosten gleid utpå fjord.
Gjentene smilte milde
og ferja huska så smått.
Det var ein slik klukkesøndag
då verda hadde det godt.

INNBYING

Arr: Trygve Brøske

Vil du gje meg handa ved månens skin,
lauv du er –
Under open himmel. Over open avgrunn.

Som lauv
er du og eg.
Fort skjelvande,
og fort borte.
Kom –

DEN SOM HELD UT VIL ALLTID FINNE

Arr: Knut Anders Vestad

Han slår på heite bergvegger
med sprukne stavar,
omatt og omatt.
Han skal få sin drikk eingong.

Han slår på flintharde berg
med nakne hender,
valnande hender,
og opne seg skal det eingong.

Om natta slår han i blinde
på dei veldige berg
som bur i mørkret,
då lengten og tørsten kjennest tifold.

Men han skal finne vatn eingong;
Konvallen og skogstjerna
står små ved bergets fot,
og kjelda spring.

TOMSE-LEGENDE

Arr: Odd Johan Overøye

Det ropte til den tomsemann
det gode rop i tomsars land:
No er det nok, kom over!
Det kalla i hans ringe bol
frå bortom måne stjerner ned:
no er det nok, kom over!

Og tomsen ned til stranda gjekk.
Ein liten flir i lufta hekk:
Han trur det ropar over –
Men straks han rørde mørke flod
så skilde vatnet seg og stod
– så gekk han hastig over.

FRÅ KJÆRLEIKS BOK

Arr: Arne Dagsvik

Eg er din mann,
for meg er dette brød,
for meg er dette vin.

Eg hyller livsens trå
som sår og sår
og alltid trur på gror.

Den femnde kvinna låg
i nye syners rus:
eg er den rike jord.
Eg var som halvtom brunn.
Eg er ein song
og var ein sprukken munn.

Det er i angens tid
– og angar gjer den skrift
og angar gjer den hand

som skriv
sitt blad
i kjærleiks bok.

TURID

Arr: Odd Johan Overøye

Kjetil Torson, lat fela di låte,
snart må du heimatt til Gonil og Tor.
Kjetil Torson, spela ut slåtten,
snart må du heimatt til seng og til bord.

Kjetil Torson, minnest du Signe?
Minnest du Signe og Sigrid og meg?
Kjetil Torson, du leika med alle,
spela og dæra og slengde or veg.

Kjetil Torson, så hekk du med Gonil –
det måtte vera den løna du fekk.
Kjetil Torson, sit du der luter?
Tregar du litt at det gjekk som det gjekk?

Kjetil Torson, lat fela di låte
– her dansar Signe og Sigrid og eg.
Kjetil Torson, du fekk alt du ville,
no er det slutt på den slåtten for deg.

I HJARTEVERKSTADENE

Arr: Odd Johan Overøye

Umåteleg
er ljøsbruket i hjarteverkstadene.
Moderhjarde
blir fullførde og går på plass.

Mørke
er også hjarteverkstadene.
Krigsfolk
får ferdig sine innreidingar.

Uendeleg
er tolmodet i hjarteverkstadene.
Vona
om ei ny jord lever.

DU SER MEG I AUGA

Tekst: Halldis Moren Vesaas

Mel: Terje Eliassen

Arr: Thomas Caplin

Svalt om mi panne, den trøytt og heite,
hendene la du og bøygde deg ned,
såg meg i auga og sa: Eg skal leite,
gå ut på vidvank og finne att deg.

Og dine auge kom stille og blanke
mine i møte og skein i meg inn,
møtte på vegen min løyndaste tanke,
nådde den djupaste botn i mitt sinn.

Vidope låg det for solauga dine.
Men i mi sjel vart ein angest til:
Møter du mangt som kan skremme og pine?
Før eg fekk sagt deg det, såg du min tvil.